

## Ein hymne til Kve...

"Til den levetid som Gud  
har tilmålt det einskilde  
menneske,  
vert ikkje den tid rekna  
som du brukar til fiske"

(Omar Khayyam – 1100-  
talet).

Det er tidleg søndag morgon seint i august. Klokka er 0600 og eg burde ha sove litt frampå, for det vart seine kvelden i går. Men når eg ser ut vindauga på Flågrunnshytta gyllar sola fjelltoppane. Det sitrar. Sova kan ein gjere til vinteren. Eg listar meg opp for ikkje å vekkje Jan Christian og Sven David. Dei var litt redde for meg i går kveld så dei hadde nær kalla ut Einar med hunden, som låg i telt nede ved Kvevatnet, då myrkret rann på. Men heldigvis tenkte dei at "gamle-lensmannen" hadde vore ute ei "vinternatt" før, så dei roa seg.

Då eg kom til utgangen vakna Jan og såg litt forundra på meg. Men han rådde utor då han såg ut på veret. Det var eit sjeldan syn som møtte oss. Morgonsol over toppane som spegla seg i Kve. Ikkje ei krumming over heile vatnet, berre ein dis borti Store Liahovden vitna om at vi var i august og at ein sommar var på hell. Vi rigga kjapt til stengene og la i veg ein god halvtime inn til Øvre Fagerbakkvatn.

Det vart ein eventyrtur i det vakre sommarveret. Frukosten fekk vente, det var viktigare ting føre. Men morgonbrisen let vente på seg, så den einaste kontakt eg hadde med auren var ein fisk som følgde sluken, men som naturleg nok snudde då den fekk landkjenning..



Foto: Jan Christian Jerving

På retur til hytta vart eg ståande i ovundring. I ein mosedott nede i ei ur vaks ein bukett med knallgule blomar. At noko så vakkert kunne gro opp mellom store steinar i 1500 m høgd der vinteren regjerer i 9 månader i året. For eit storslagent skaparverk.

På heimvegen var tankane tilbake i turen kvelden før. Det hadde drege ut. Fisken hadde nappa så eventyrleg i kveldsbrisen og 4 flotte aurar hadde eg fått, der to av dei var av den sorten der ein beint måtte setja seg ned eit bel og ta seg att etter eit spanande nappetak. Siste fisken hadde eg fått i inngangsosen aust i vatnet då det byrja skumre, og som gamle fjellmannen Alf Helland fortel i det fine stykket "Fjellet lokkar" - "så kverve kveldsdimma fyrst over fjellet."

Men då eg skulle sløya fisken merka eg at kniven var borte. Så var det i fullt firsprang inn og finna den att der eg sist hadde fått fisk. Eg fann den, men no var myrkret der og. Det var likevel ein varm og sval kveld og heimover breidde brune lettgådde bakkar seg. Det var ei tidlaus vandring i kveldsstillar der skumringa gav meg ei aning av at gamle haugfolket nok heldt eit lite auga med

meg. Men ute i vest hang det enno ei lysglo etter kveldssola og ei strofe frå salme 119 kom til meg "Herre, du er ei lykt for min fot og eit lys for min sti".

Det var så fin ei kveldstund at at eg måtte berre stogga opp då eg kom fram på brinken mot Kve og såg utover det fredelege landskapet med fjella og den klåre stjernehimlen. Eit gamalt indiansk visdomsord kom føre meg. "Det er i skumringen når stjernene blir tent at jordens kraft og fjellenes tanker vert formidla til menneska." Og no såg eg lysa frå hytta og kunne seia med Mikkjel Fønhus "Og jeg gikk mot den logne stua med en god og velberget kjensle"

Å få vera i fjellet slike fine dagar i slutten av august med god aurefangst og nærkontakt med rein gjev minner som Garbriel Scott så meisterleg skildrar det i ein av sine bøker; "Det var som han gikk med eit gullnøste i hånden og rullet det saktelig opp for seg selv."

Olav Teigen

**FRETLAND BYGG AS**  
tlf. 57 66 79 10

**MÅLARBUI**  
tlf. 57 66 65 40

**OSKAR BRUGRAND AS**  
tlf. 57 66 91 66